# Radøy kommune
Teknisk forvaltning

råd for menneske med nedsett funksjonsevne

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Rolf Raknes | 20.11.2018 |
| Vår: 17/1990 - 18/16147 | rolf.raknes@radoy.kommune.no | |

# Plansak 12602017000900 - Områdeplan Bø skule og Barnehage m.fl. - varsel om endeleg vedtak - instansar

I medhald av plan- og bygningslova (PBL) §12-12 er framlegg til plan handsama i Kommunestyret i Radøy sak 035/2018 den 18.10.18, med slikt vedtak:

Områdereguleringsplan for Bø, skule og barnehage, planid. 12602017000900 vert godkjent på følgjande vilkår:
1. Teiknforklaringa må rettast slik at liner som skal vere juridisk bindande framstår som juridisk bindande i teiknforklaringa.
2. Plannamn må rettast i tittelfeltet i kartet.

**Plandokument**
Plandokumenta og vedtak ligg på kommunen si heimeside og til gjennomsyn på sørvistorget på Rådhuset. Aktuelle grunneigarar og offentlege instansar vert direkte tilskrive.

**Om klage og verknad av godkjent områdereguleringsplan**
Vedtaket kan etter PBL §1-9 påklagast til Fylkesmannen av den som er part eller har rettsleg klageinteresse.
Reguleringsplanen fastset framtidig bruk av området og er bindande for nye tiltak, samt utviding av eksisterande tiltak, jf. PBL §12-4. Eventuelle krav om erstatning eller innløysing i samband med godkjend reguleringsplan må setjast fram innan 3 - tre år - etter denne kunngjeringa, jf. PBL § 15-2 og 3. Klage må vere framsett skriftleg til Radøy kommune innan frist. **Klagefrist er sett til 11.12.2018**

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Rolf Raknes
arealplanleggjar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bergen og omland friluftsråd | | | |
| Bergen og omland havnevesen | | | |
| Bkk Nett | | | |
| Dir Naturforvaltning | | | |
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |
| Hordaland bondelag | | | |
| Hordaland fylkeskommune | | | |
| Naturvernforbundet | | | |
| NGIR | | | |
| Norges vassdrags og energidirektorat | PB 5091 Majorstuen | 368 | OSLO |
| råd for menneske med nedsett funksjonsevne | | | |
| Statens vegvesen Region vest | Askedalen 4 | 6863 | Leikanger |